UTDRAG

Anne-Birthe Nyhammer Bjorøy
Bjørn Arild Ersland
Karianne Megard Grønli
Kjersti Lundetræ

# Fabel 1

LESEBOK




ASCHEHOUG UNDERVISNING



# Innhald


Klasse 1C 6
Velkomen 8
Is 10
Tivoli 12
Sol i Oslo 14
Helsing Sol 16
Leo ror 18
Vivi vil lese 20
Alle ler i 1C 22
Kråkeslott 24
Bille vil sove 26
Sølekake 28
Mats blir måla 30
Blå tå 32
Jo seier ja 34
Skummelt på do 36
Utstilling i klassen 38
Gruar seg 40
Laus tann 42
Eg gløymde matpakka! 44
Ny 46
Nytt hus 48
Fiolett hår 50
Alle kan gløyme 52
Lær deg å slappe av 54
Tacofest 56
Hei, Språkrådet! **wqxz** 58

**Språk**
Hei! 62
Klassen lærer polsk 64

**Rim**
Større enn eit ord 66
Gje meg eit ord 68
Ping og Pang 70
Vokaltrappa 71

**Vinter**
Snø 72
Akedagen 74
Kunstløp 76
Bjørnen søv 78
I helga 80

**Venner**
Bli med og leik! 82
Venner 84
Rettferdig 86
Klassemøte 88
Du er sjuk, Frida 90

**Trafikk**
Hiv ohoi! 92
Krysse vegen 94
Sur tiger 96
Augekontakt 98
Ut på tur 100

**Sansar**
Fis 102
Sjå 104
Høyrsel 106
Smak 108
Klem frå mamma 110

**Tøys og tull**
Det er fint 112
Alt som skal til 113
Hei, Nikolai! 114
Dei kunne ikkje snakke 115

**Insekt**
Veps 116
Marihøna 118
Myggen 120
Lus 122
Eg hatar lus! 124

**Fotball**
Fotball i parken 126
Eit hardt skot 128

**Fjøra**
Krabbefiske 130
Fødd som gut 132
Sjøstjerne 134

**Sommar**
Snart er det sommar 136
Den store festen 138
No er alt annleis 140

# Trafikk

## Hiv ohoi!

Fia skal gå åleine til skulen.
Men ho hugsar ikkje vegen.
Tenk om ho går seg vekk?

Fia har laga eit hugseord.
Ordet har ho skrive på handa.
**HIV OHOI!** står det.

**H**opp over gjerdet.
**I**nn den smale gata.
**V**enstre ved skiltet.

**O**ver bakken.
**H**øgre ved porten.
**O**pp trappa.
**I**nn døra.






















Aa
Bb
Cc
Dd
Ee
Ff
Gg
Hh
Ii
Jj
Kk
Ll
Mm
Nn
Oo
Pp
Qq
Rr
Ss
Tt
Uu
Vv
Ww
Xx
Yy
Zz
Ææ
Øø
Åå

Arb.bok 1B
side 26–31

# Krysse vegen

Sjå til venstre.
Sjå til høgre.
Ser du bilen?

Skal du over vegen?
Då må du sjå deg føre.
Ser du bilane?
Ser bilane deg?

Gå til eit gangfelt.
Sjå til venstre.
Ingen bilar?
Sjå til høgre.
Ingen bilar?
Sjå til venstre.
Ingen bilar?

Då er det heilt trygt.

Éin ting til!
Det heiter gangfelt.
Det tyder gåfelt.
Det heiter ikkje springefelt.

No kan du gå.





vegen
over

Aa Bb Cc Dd Ee Ff Gg Hh Ii Jj Kk Ll Mm Nn Oo Pp Qq Rr Ss Tt Uu Vv Ww Xx Yy Zz Ææ Øø Åå

Arb.bok 1B side 26–31

# Sur tiger



Trafikkork.
Alle bilane står stille.
Det er ein tiger i vegen.

Alle står i kø.
Lastebilen har krasja i tigeren.
Tigeren kan ikkje reglane.
Ingen torer å gjere noko.



kø

ikkje

Tigeren gjekk midt i vegen.
Han såg ikkje til høgre.
Ikkje til venstre.
Tigeren brukte ikkje fotgjengarfeltet.
Han hadde ikkje refleks.

Bussen stoppa.
Lastebilen krasja i bussen.
Så kom taxien og gravemaskina.
Alle krasja.
Eg tømde ut alle leikene frå kassa.
Alle krasja i køen.

Tigeren er skikkeleg sur.
Han står midt i vegen.
Ingen torer å gjere noko.
Alle ventar på at han skal flytte seg.




Aa Bb Cc Dd Ee Ff Gg Hh Ii Jj Kk Ll Mm Nn Oo Pp Qq Rr Ss Tt Uu Vv Ww Xx Yy Zz Ææ Øø Åå



Arb.bok 1B side 26-31

# Augekontakt



Eg ser auget ditt.
Du ser auget mitt.
Vi har augekontakt.



– Skal vi lage augekontakt? seier Ari.
– Kva er augekontakt? spør Ulrik.
– Det er viss du ser meg i auget, seier Ari.
– Då ser eg deg.

auget

ditt

– I dag skal vi lære augekontakt, seier Ari.
– Kva er augekontakt? spør Ulrik.
– Det er når du ser inn i auga til andre, seier Ari.

– No ser eg at Ulrik ser meg, seier Ari.
– Då skriv eg namnet hans i boka.
– Kvifor det? spør Ulrik.
– Fordi vi har sett kvarandre, seier Ari.
– Vi har hatt augekontakt.
– Kan eg skrive ditt namn? spør Ulrik.
– Ja, seier Ari. – For du såg at eg såg deg.

Alle ser.
Alle skriv.
Heile klassen får augekontakt.

Aa Bb Cc Dd Ee Ff Gg Hh Ii Jj Kk Ll Mm Nn Oo Pp Qq Rr Ss Tt Uu Vv Ww Xx Yy Zz Ææ Øø Åå

Arb.bok 1B
side 26–31

# Ut på tur

Klassen er på tur.
Dei vil gå over vegen.
Bilane ser dei.
Bilane stoppar.

Klassen skal krysse vegen.
Først må dei få augekontakt.
Det kjem ein bil.
Klassen ser bilen.
Bilen ser klassen.
No kan dei gå.



stoppar

dei

Klassen er på tur.
Dei skal krysse vegen.
Først stoppar dei ved gangfeltet.

– No skal vi bruke augekontakt, seier Ari.
– Vi må sjå på dama i bilen, seier Ari.
Alle ser på dama.
– Har ho sett oss? spør Wilma.
– Ja, seier Felix.
– Eg fekk augekontakt.
– Eg òg, seier Frøy.
– Eg òg, seier Noa.
– Då veit vi at ho ser oss, seier Ari.
– No kan vi krysse vegen.



Aa Bb Cc Dd Ee Ff Gg Hh Ii Jj Kk Ll Mm Nn Oo Pp Qq Rr Ss Tt Uu Vv Ww Xx Yy Zz Ææ Øø Åå





Arb.bok 1B
side 26–31